



Årsrapport for 2025
Skjold, Vats og Vikebygd sokneråd

Innholdsfortegnelse

Årsrapport for 2025 Skjold, Vats og Vikebygd sokneråd	1
Soknerådet	4
Samansetning av soknerådet:	4
Gudstenester og kyrkjelege handlingar	7
Gudstenester på søndag og heilagdagane	7
Andre gudstenester	8
Kyrkjelege handlingar	8
Kyrkja sine løna medarbeidarar	9
Born og unge i kyrkja; kyrkjeleg undervisning og læring	10
Teneste i kyrkja	11
Utval og nemnder	12
Trusopplæringsutvalet	12
Gudstenesteutvalet	13
Diakoniutvalet i Skjold og Vikebygd	13
Diakoniarbeidet i Vats	14
Kulturutvalet	14
Dugnadskarane	16
Oppsummering	17

Soknerådet

2025 har vore eit innhaldsrikt år, og andre gjennomførte kalenderår som felles sokneråd for alle tre sokn. Me i soknerådet er blitt betre kjend med kvarandre, og har erfart meir korleis me best mogleg skal drive soknerådet sine oppgåver saman. Det er mange saker me skal gjennom på møta, men me har alt i alt gjort oss gode erfaringar med å samarbeide på tvers av alle tre bygdene.

Sokna er framleis sjølvstendige, og kan sjølvstendig velje om ein ynskjer å fortsette med samarbeidet i felles sokneråd eller om ein vil trekke seg ut. Det at sokna ikkje er slått saman, fører også til at me får ha ein representant frå kvar bygd inn i fellesrådet. Fordeler med å vere eit felles råd er at me kan samarbeide tettare og skape eit større fellesskap på tvers av bygdene. Det er også avlastande for soknepresten. Ulemper kan vere at det er færre medlemmer i rådet frå kvar bygd, og soknerådet er difor i enda større grad avhengig av god hjelp og støtte frå kyrkjelyden.

Soknerådet har hatt 9 møte og handsama 36 saker i løpet av året. I tillegg til dette kjem sakene kvart av utvala jobbar med og gjer vedtak om. På kvart soknerådsmøte går det også ein del tid i å gjennomgå ulike orienteringssaker.

Samansetning av soknerådet:



Frå Skjold:

Sunniva Tveit Gregersen, Karianne Dagsland (representant i fellesrådet), Annhild Mortveit, Ellen Marie Andersen, Ingrid Tveit (1. vara), Magnor Eidsheim (2. vara), Norleif Fjellheim (3. vara) og Gunnbjörg Krakk (4. vara)

Frå Vats:

Iren Eike (tidlegare leiar, no nestleiar), Steinar Sørhus (representant i fellesrådet), Malin Eidhammer Krakk, Per Arvid Fatland (kasserar), Kjell Sigmund Bakke (1. vara), Marit Synnøve Frantsen (2. vara) og Jan Ove Gjil (3. vara)

Frå Vikebygd:

Arne Tveit (representant for Fellesrådet), Ingrid Mathilde Sørvåg (tidligere sekretær, no leiar), Inger Kathrine Sundve (1. vara), Dagfrid Nagel-Alne (2. vara), Caroline Bjørnevik (3. vara) og Laila Espeland (4. vara)

Soknepresten er med på alle soknerådsmøta og har røysterett. Ho er også nyvald sekretær.

AU har i løpet av 2025 bestått av Iren (leiar), Ingrid Mathilde (sekretær og nestleiar), Per Arvid (kasserar) og sokneprest Sigfred fram til juni og sokneprest Elisabeth frå sommaren og ut 2025. Iren stilte ikkje til gjenval som leiar, og Ingrid Mathilde har overtatt dette vervet frå desember 2025. AU består per 2026 av Ingrid Mathilde (leiar), Iren (nestleiar), Per Arvid (kasserar) og Elisabeth (sekretær).

Døme på saker handsama i soknerådet:

- Gudstenesteliste og takkofferliste
- Regnskap og budsjett
- Fasteaksjon
- Trusopplæring- og konfirmantarbeid
- Ordinasjonsgudsteneste i Skjold kyrkje 15.juni, med ordinering av to nye prestar i Vindafjord; Elisabeth Fauskanger og Eli Kolstad

Vindafjord kyrkjelege fellesråd

Fellesrådet har ansvar for bygg og eigedomar, og dei har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette. Representantar frå oss er Karianne Dagsland (Skjold), Arne Tveit (Vikebygd) og Steinar Sørhus (Vats). Steinar er også gjenvald leiar for fellesrådet.

Økonomi

Likviditeten til Soknerådet er god. Samla var inntektene i 2025 på kr 883 457. Summen er lågare enn i 2024, det skuldast bortfall av formidlingsinntekter til/frå Arken. Samla var utgiftene i 2025 kr 801 718. Soknerådet hadde ved utgangen av 2025 1574 457 inneståande på ymse bankkonti.

Vedlegg 2A. Regnskapsskjema – Driftsregnskapet					
	Regnskapsskjema – Driftsregnskapet	Regnskap (år t)	Regulert budsjett (år t)	Opprinn. budsjett (år t)	Regnskap (år t – 1)
	Inntekter				
1 600–650	Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	522 542,38		732 000,00	830 277,75
2 660	Salg av driftsmidler				
3 700–780	Refusjoner/overføringer	-		-	5 000,00
4 790	Kalk. inntekt ved komm. tj. ytingsavtale				
5 800	Statlige tilskudd	-		-	-
6 805	Tilskudd fra rettssubjektet Den norske kirke				
7 830–830	Rammeoverføring/tilskudd fra egen kommune				
8 840–850	Tilskudd fra soknets organer				
9 860–870	Andre tilskudd, gaver, innsamlende midler	360 914,21		468 000,00	436 945,41
10	Sum driftsinntekter	883 456,59	-	1 200 000,00	1 272 223,16
	Utgifter				
11 010–099	Lønn og sosiale utgifter				
12 100–270	Kjøp av varer og tjenester	352 081,44		418 000,00	474 015,07
13 300–380 + 429	Refusjoner/overføringer	280 891,00		460 000,00	466 066,00
14 390	Kalk. utg. ved komm. tj. ytingsavtale				
15 400–470 ekskl.	Tilskudd og gaver	188 745,88		300 000,00	221 705,20
16	Sum driftsutgifter:	821 718,32	-	1 178 000,00	1 161 786,27
17	Brutto driftsresultat:	61 738,27	-	22 000,00	110 436,89
18 900–905	Renteinntekter og utbytte	30 047,91		9 600,00	43 143,00
19 920	Mottatte avdrag på utlån				
20 500	Renteutgifter og låneomkostn.				
21 510	Avdrag på lån				
22 520	Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l.				
23	Netto finansinntekter/-utgifter	30 047,91	-	9 600,00	43 143,00
24 590	Avskrivninger				
25 990	Motpost avskrivninger				
26	Netto driftsresultat	91 786,18	-	31 600,00	153 579,89
	Interne finansieringstransaksjoner				
27 930	Bruk av utdisponert fra tidl. år (mindreforbruk)				
28 940	Bruk av ubundne fond				
29 950	Bruk av bundne fond				
30	Sum bruk av avsetninger	-	-	-	-
31 530	Avsatt til dekning fra tidligere år (underskudd)				
32 540	Avsatt til ubundne fond				
33 550	Avsatt til bundne fond				
34 570	Overført til investeringsregnskapet				
35 580/980	Sum avsetninger	-	-	-	-
36	MERFORBRUK/MINDREFORBRUK	91 786,18	-	31 600,00	153 579,89

Vedlegg 3. Balanse				
	BALANSE	Regnskap (år t)	Regnskap (år t – 1)	
	EIENDELER:			
1	Kap. 5.2 Anleggsmidler			
2	5.27 Faste eiendommer og anlegg			
3	5.24 Utstyr, maskiner og transportmidler			
4	5.22 Utlån			
5	5.21 Aksjer og andeler			
6	Kap. 5.1 Omløpsmidler	1 574 306,26	1 364 357,68	
7	5.13 Kortsiktige fordringer			
8	5.18 Aksjer og andeler			
9	5.12 Certifikater			
10	5.11 Obligasjoner			
11	5.10 Kasse, bankinnskudd	1 574 306,26	1 364 357,68	
12	SUM EIENDELER:	1 574 306,26	1 364 357,68	
	EGENKAPITAL OG GJELD:			
13	Kap. 5.5 Egenkapital	1 360 332,97	1 268 546,79	
14	5.56 Disposisjonsfond	1 064 095,77	860 515,88	
15	5.51 Bundne driftsfond	204 451,02	254 451,02	
16	5.53 Ubundne investeringsfond			
17	5.55 Bundne investeringsfond			
18	5.580 Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (investering)			
19	5.581 Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift)			
20	5.5950 Regnskapsmessig mindreforbruk			
21	5.5900 Regnskapsmessig merforbruk			
22	5.5960 Udisponert i investeringsregnskapet			
23	5.5970 Udekket i investeringsregnskapet			
24	5.5990 Kapitalkonto	91 786,18	153 579,89	
	Gjeld			
25	Kap. 5.4 Langsiktig gjeld			
26	5.41 Ihendehaverobligasjonslån			
27	5.43 Certifikatlån			
28	5.45 Andre lån			
29	Kap. 5.3 Kortsiktig gjeld	-	96 110,50	
30	5.31 Kassekredittlån			
31	5.32 Annen kortsiktig gjeld		96 110,50	
32	SUM GJELD OG EGENKAPITAL:	1 360 332,97	1 364 657,29	
	Kap. 5.9 Memoriakonti			
33	5.9100 Ubrukte lånemidler			
34	5.9200-5.9899 Andre memoriakonti			
35	5.9999 Motkonto for memoriakontiene			
		213 973,29	-	299,61 avv

v/ Iren Eike

Gudstenester og kyrkjelege handlingar

Tilsette, råd og utval har i 2025 arbeid godt for å gjennomføra gudstenester, gravferder, dåp, vigslar, konfirmasjon og anna barne-og ungdomsarbeid med meir. Ei stor innsats er lagt ned, og me er takknemlege for alt arbeidet som er lagt ned for å nå medlemmane våre i Skjold, Vats og Vikebygd sokn. Av særlege hendingar i 2025 må nemnast vigslingsgudstenesta i Skjold 15.juni som høgtideleg og flott.



Prestevigsling i Skjold kyrkje 15.juni.

Alle dei 3 kyrkjelydane våre har eit jamt over godt gudstenesteliv, med mange trufaste deltakarar. I Skjold, Vats og Vikebygd støttar folk opp om kyrkja si. Det er godt å gjera teneste i desse kyrkjelydane, og det er mange frivillige medarbeidarar som gjer ein stor og god innsats. Me vil takka for alle som bidreg med songinnslag, som forsongarar, med musikkinnslag og andre innslag i gudstenestene.

Me føl gudstenesteforordninga som blei vedteke av biskopen 12.02.2025. Den nye forordninga seier at Skjold skal ha 24 gudstenester i året, Vats 20 og Vikebygd 12. Dei aller fleste gudstenestene er i kyrkjene, men det var friluftsgudsteneste på Refsnes i Vats og ei planlagt gudsteneste i Parken i Vikebygd. Denne gudstenesta blei flytta inn i kyrkja grunna vêrforholda.

Gudstenester på søndag og heilagdagar

Kyrkje	Gudstenester i 2025,2024,2023			Gudstenestedeltakarar 2025, 2024, 2023			Gj.snitt guds.deltakarar 2025, 2024, 2023		
Skjold	24	24	24	2806	3907	3517	140	163	150
Vats	21	20	19	1768	1847	1734	84	92	91
Vikebygd	12	12	13	1105	1016	1162	85	85	89

* Merknad til gudstenestedeltakarar i Skjold 2025;

I årsstatistikken for 2025 er det ført 6 gudstenester på andre dagar enn søndagar med til saman 1401 deltakarar. Det kan godt vere at det ligg ei feilføring her, at nokre av desse gudstenestene skulle blitt først som søndag og heilagdagar.

Allehelgensgudstenesta var i 2025 i Skjold kyrkje. Einar Bakke og Anne Kristine Andersen deltok med flott song og musikk, og namna på dei som var gravlagde i våre sokn sidan allehelgen 2024 blei lest opp og det blei tent lys for dei. Pårørende fekk på førehand brev med invitasjon både til gudstenesta og til open kyrkje laurdagskvelden. Open kyrkje med moglegheit for lystenning, stillheit og musikk var nytt i 2025, men fekk gode tilbakemeldingar. Vendel-Agathe og Vegard Skartland-Hide deltok med song, og i tillegg til Elisabeth Fauskanger var Grete Sørhus, Egil Larsen og Kristin Sandvik med som vertskap.

Andre gudstenester

I tillegg til dei forordna gudstenestene, var det i 2025 samtalegudsteneste med konfirmantane og 4 skulegudstenester. I kyrkja er me takknemlege for eit godt samarbeid med barnehagane og skulane i bygdene våre. Presten besøkte alle skulane i forkant av gudstenestene for felles planlegging. Det er god elevdeltaking på skulegudstenestene. Før påske var det skulegudsteneste i Skjold kyrkje med Skjold skule, før jul var det skulegudsteneste i alle kyrkjene, i samarbeid med alle skulane. Det blei og gjennomført påskevandringar og julevandringar med barnehagane i alle kyrkjene.

Gjennom heile året har me, i tillegg til gudstenestene i kyrkjene, og hatt andaktar/ gudstenester på Vindafjordtunet kvar torsdag. Prestane har ansvar annakvar veke, mens diakonimedarbeidarane i Vats har ansvar 1 gong i månaden og Skjold 1 gong i månaden.

Kyrkjelege handlingar

Dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferd er dei kyrkjelege handlingane som blir gjennomført i kyrkjene. For mange er det i slike anledningar ein kjem i kyrkja. Dei kyrkjelege handlingane er difor ein viktig arena for nå menneske.

I 2025 blei 12 born og ungdommar døpt i Skjold, 7 i Vats og 5 i Vikebygd. Kor stor del dette er av alle fødde veit me ikkje. Men det er flott å ta imot familiar til dåp, og me er glade for dei me når.



Dåp i Vats, Skjold og Vikebygd

Kyrkja skal vere ein god arena for ungdom og. I 2025 konfirmerte 37 ungdommar seg i kyrkjene våre; 21 i Skjold, 13 i Vats og 3 i Vikebygd. Konfirmasjonsgudstenestene er festdagar i kyrkja, med bunad og festklede, songinnslag i alle kyrkjene og fulle kyrkjer. Hausten 2025 blei 37 konfirmantar presentert for kyrkjelydane og føl konfirmantopplegget fram mot konfirmasjonar våren 2026.



Fjorårets konfirmantar i Vikebygd, Vats og Skjold

Når det gjeld vigslar i 2025, så blei 1 par vigde i Skjold, 1 par i Vats og 1 par i Vikebygd. Me er spent på om den annonserte Valentinsdagen med drop-in bryllaup i Skjold 14.februar 2026 og ringverknadane av blesten rundt denne dagen vil føra til fleire vigslar i våre sokn i 2026.

På same måte som glede og fest pregar kyrkja sine handlingar, gjer sorg og avskjed det og. Ein viktig del av prestane si teneste er knytt til gravferder og bisetjingar. Det opplevast som meningsfullt å følja familieane i sorgsamtale og gravferd. I 2025 var det 6 gravferder i Skjold, 12 i Vats og 8 i Vikebygd. Me har eit godt samarbeid med Ølen gravferdsbyrå som står for dei aller fleste gravferdene i kyrkjene våre.

Kyrkja sine løna medarbeidarar

Det har skjedd nokre endringar blant dei tilsette i sokna våre i 2025.

Eit stort høgdepunkt i året som har gått er den høgtidelege og flotte vigslingsgudstenesta i Skjold kyrkje 15.juni. Biskop Anne Lise Ådnøy vigsla då Elisabeth Fauskanger til teneste som sokneprest i Skjold, Vats og Vikebygd og Eli Kolstad til teneste som sokneprest i Sandeid, Vikedal og Imsland. I tillegg til biskopen deltok både prost Rune S Engedal og ei rekke andre prestar og medverkande. Me er svært glade for at Elisabeth er ny sokneprest i våre sokn. Etter gudstenesta var det kyrjekaffi med servering av kaker og gjærbakst. Fine helsingar til både Elisabeth og Eli var også ein viktig del av programmet denne dagen. I tillegg til å vera vår sokneprest og ha det pastorale leiaransvaret i kyrkjelydane, sit Elisabeth og i sokneråd, arbeidsutval og gudstenesteutval. Fram til ho tiltredde stillinga var Sigfred Sørensen fungerande sokneprest.

Solveig Meling Johannessen har fast stilling som organist i Vindafjord kyrkjeleg fellesråd og det er me godt nøgde med. Det er tydeleg at ho er ein dyktig og arbeidsglad medarbeidar. Me er heldig som og har ein sær dyktig, lokal vikarorganist i Arne Tveit.

Ester Limstrand Åsheim var ved inngangen til 2025 tilsett i 40% stilling som kyrkjelydspedagog med eit tillegg på 20% som ansvarleg for konfirmantarbeid våren 2025. I 2025 har den faste stillinga som kyrkjelydspedagog blitt auka til 50%. Hausten 2025 har ho i tillegg 20% stilling i konfirmantarbeidet med ansvar for konfirmantar med særskilte behov. Ho er og med i konfirmantundervisninga.



4 årssamling i Skjold og 5.klasseleir på Brandøy

Kyrkjetenaren si rolle i kyrkja er viktig, dei syter for varme og lys, og at ting fungerer som det skal når kyrkja er i bruk. I Vats har Arild Urdal ei kyrkjetenarstilling på 37% stilling. I Vikebygd er Dag Nagel-Alne kyrkjetenar i 20%. I Skjold er kyrkjetenarstillinga delt mellom Tove Standal Vaka som er kyrkjetenar i gravferder og Jens Magnar Tveit som er kyrkjetenar i gudstenestene på timebasis. Reinhold av kyrkja blir det leigd folk til å gjere.

Kyrkjetenarkomiteen i Vindafjord kyrkjelege fellesråd har vurdert størrelsen på alle kyrkjetenarstillingane. Utifrå ny gudstenesteforordning som blei vedteken i 2025 vil det bli endring i stillingsstørrelsen på kyrkjetenarstillingane ved nye utlysingar.

Tove Standal Vaka er kontorfullmektig i 60% stilling.

Kyrkjevevja i Vindafjord gjennom 28 år, Inghart Lasse Tveit blei formelt pensjonist 1.oktober, men grunna ferie og avspasering gjekk han av 1.juli. Han vart takka av på ei høgtideleg gudsteneste i Skjold 31.august, der blant anna prost Rune Engedal medverka. Me er særst nøgde med at Grethe Halvorsen frå Vats er tilsett som ny kyrkjevevje frå 01.august og soknerådet har allereie starta eit godt samarbeid med henne.

Born og unge i kyrkja; kyrkjeleg undervisning og læring

Babysong 0-1 år:

To babysong-kurs, eit vårkurs og eit haustkurs med 10 samlingar på kvart kurs. Me har god oppslutnad om babysong, og mange fortel om ei meningsfull og god arena å vera saman på. Babysong er eit godt døme på at kyrkja opplevst som ein god stad å vera.

Krølletreff for 2-åringane.

Ei samling der borna får bok om Krølle, samt leita etter krølle-lammet og få det med seg heim. Skjold og Vikebygd er saman og Vats er for seg. I fjor var det ingen frå Vikebygd som kom til Skjold.

Gudsrikeleiken (Godly play) for 3-åringane.

Første gong prøvd ut i 2024, måtte dessverre avlysast grunna for lite tid i 2025. Prøver igjen i 2026.

«Heime i kyrkja» for 4-åringar.

1 samling i Vats og Skjold kyrkje og utdeling av barnebibelen på gudsteneste. Vikebygd

blir invitert i 2026. Trusopplæringsgudstenestene, der kyrkjelydspedagogen alltid er med, er viktige arena for å nå ut og gode eksemplar på ein levande kyrkjelyd!

1.klasse er på Skattejakt.

4 samlingar + gudsteneste i si kyrkje. Tilbod til Skjold og Vats, Vikebygd får tilbod i 2026.

2.klasse:

Brubbyggjaren. 3 samlingar i kvar kyrkje. Vikebygd får tilbod til 1.-og 2.klasse annakvart år.

3.klasse: Naturlegvis.

Gardsbesøk med alle tre bygdene på Haugen gard. Ein ettermiddag/kveld med poster, dramatisering, klappe dyr og kveldsmat.

5.klasse:

Utdeling av Tidslinja på gudsteneste og «Venner for livet»-leir i januar. Bruk av tidslinja og fokus på misjon. Tilbod til alle i kommunen.

6.klasse:

Lys vaken første helga i desember. Godt oppmøte i Vikebygd og Vats. Vikebygd gir tilbod annakvart år til 5.- og 6.klasse.

7.- og 8.klasse: Thanksgiving i Arken og i kyrkja i Vats. Ei kveldssamling i november felles for Skjold, Vats og Vikebygd.

9.klasse Konfirmantar

Som nemnt blei 37 ungdommar konfirmert i kyrkjene våre i 2025. Gjennom året har det delteke på undervisning, fellesopplegg med mange andre konfirmantar, fasteaksjon og gudstenester.

Me ser på Feedback på Arken i Vats som ein viktig arena for ungdommane å samlast på fredagskveldar gjennom året. Her er eit sosialt og rusfritt fellesskap på tvers av bygdene og ein god arena å vere. Speidararbeidet står og sterkt i bygdene våre, og på same måte som Feedback er kyrkja takknemlege for det gode arbeidet speidarane driv, og for det gode samarbeidet me har.

Teneste i kyrkja.

Det er mange, som på ulikt vis deltek med kyrkjelydsbyggjande arbeid i Skjold, Vats og Vikebygd. Både gjennom råd og utval og gjennom ulike tenester i kyrkjelydane; som dåpsvert, kyrkjevert, klokkar, kyrjekaffiansvarleg og som medhjelpar i diakoni og trusopplæring. I Skjold var det totalt 158 som hadde ei frivillig teneste i kyrkja, i Vats 82 og i Vikebygd 67. Det fortel om eit stort engasjement for kyrkja i sokna våre.



Flott med frivillige medarbeidarar i alle aldra i kyrkja.

I august inviterte Trusopplæringsutvalet til felles planleggingskveld for alle lag og organisasjonar i kyrkje og bedehus i sokna våre. God oppslutnad om kvelden og gode tilbakemeldingar gjorde kvelden til ein suksess, og ny felles planleggingskveld blei gjennomført i starten av januar 2026.

Utval og nemnder

Utvala og nemndene er viktige for det kyrkjebyggjande arbeidet i kyrkjelydane. I Skjold, Vats og Vikebygd hadde me i 2025 gudstenesteutval, kulturutval, trusopplæringsutval og diakoniutval. I tillegg er me heldige å ha ein gjeng dugnadskarar i Skjold og ei diakonigruppe i Vats.

Trusopplæringsutvalet

Samansetjing:

Borghild Velde Eskeland, Lill Inger Velde (Vats)
 Kari Synnøve V. Haugen, Berit Mortveit Listog (Skjold)
 Brit Nelly Tveit (Vikebygd)
 Annhild Mortveit Sundfør (Soknerådsrepr.)
 Esther Limstrand Åsheim (Trusopplærer)

Utvalet har hatt 4 møte i Skjold kyrkje. Dessutan var utvalet representert på møte med soknerådet 18.3. der trusopplæring stod på sakslista, og utvalet var ansvarleg for oppstartsamling for alle frivillige i SVV 19.august 2025.

På møta har utvalsmedlemmene blitt orienterte om aktiviteten i breiddetiltaka som trusopplærarane har hovudansvaret for, og vore med på strategidrøftingar rundt dette. Utvalet har arbeidd med å finna ut av form og innhald i arbeidet vårt. Resultatet av dette er at soknerådet har vedteke mandat som blir styrande for utvalet sitt arbeid vidare. Ut frå dette har me laga årshjul og mal for sakliste og referat.

Brosjyren for givartenesta er revidert og forenkla, og det er sett i verk regelmessig påminning om dette arbeidet under kunngjeringane i gudstenesta.

Utvalet har vore med å planlegge og skaffe leiarar til Lys Vaken, som vart arrangert i Vats og i Vikebygd. I Skjold vart arrangementet avlyst dette året pga. få påmelde. 4 gutar var med på Lys Vaken i Vikebygd. Det er vanskeleg å finna leiarar til dette arrangementet, særleg når det er kort frist. Utvalet bør derfor arbeida meir langsiktig med dette. Det same gjeld leiarar frå våre bygder til felles 5.klasse-leir.

v/ Berit Listog

Gudstenesteutvalet

Gudsteneste-utvalet har søkelys på gudstenestelivet, med eit mål og eit ønskje om å gjera dette så inkluderande og ope som mogleg. Me har mange barnefamiliar, særleg i Skjold, og det er viktig at desse kjenner seg velkomne i kyrkja! På same måten som det er viktig at alle kjenner seg velkomne i kyrkja.

Samansetjing;

Ellen Marie Andersen, Sunniva T Gregersen og Anne Kristine frå Skjold, Grete Sørhus og Elisabeth S Gregersen frå Vats, Vegard Skartland frå Vikebygd. I tillegg er organist Solveig Johannessen og sokneprest Elisabeth Fauskanger med i utvalet.

I løpet av 2025 har det vore 3 endringar i samansetjing; Ellen Marie Andersen overtok for Ingrid Tveit, Vegard Skartland erstatta Arne Tveit og Elisabeth Fauskanger overtok for Sigfred Sørensen.

Utvalet utarbeidde i 2025 gudstenesteplan for vår og haust, som blei sendt soknerådet for å vedtakast der. Elles arbeidde utvalet for å få eit mangfald av gudstenester, song og musikkinnslag i gudstenestene, oppstart av søndagsskule i Skjold og utarbeiding av 4 ulike agendeark i Vats og Vikebygd.

v/ Elisabeth Fauskanger

Diakoniutvalet i Skjold og Vikebygd

Desse er med i utvalet; Einar Askeland (leiar), Dagfrid Nagel Alne, Sigmund Eggebø, Gerd Hustoft Svendsbø og Elin Frøyland (skrivar). Me har hatt 6 møte i utvalet og handsama 22 saker; 7 treff i 60+. 1 møte i lag med soknerådet der me drøfta vegen vidare.

60+, Treff på dagtid i Skjold kyrkje

Den siste torsdagen kvar månad møtest me til uformelle, sosiale samvær med kaffi, ei lita utlodding, songar og andakt. Det møter om lag 30 personar. På kvart møte har me kåseri med ulike tema.

I år har me hatt desse:

Egil Larsen: Eit presteliv.

Magne Raknes: Busstur i advent.

Marianne Malme: Kva var det du sa?

Willy Ludvigsen(MAF):Med lukt av jungel og olje.
Elisabeth Vatland Fauskanger: Bli kjent med den nye presten vår.
Solveig Meling Johannesen: Bli kjent med organisten vår.
Anne Karin Hårajuvet m/fleire:Røde Kors

Dagstur til Helgøy 7.mai.

Personar frå Vats, Vikebygd og Skjold var med, full buss med venteliste.
Me var innom Spinneriet i Hjelmelandsvågen, kørde så til Helgøy som tok imot oss i strålende sol og tusenvis av blømande frukttre. For ei oppleving! Middag fekk me på Epleriet, god mat og ei flott utsikt over øyriket.

Blomehelsingar til dei som blir 80, 85, 90 år, og kvart år etter 90.
I Vikebygd har det blitt levert 18 blomehelsingar dette året. Dei vart leverte på fødselsdagane. I Skjold har det vore 22 blomehelsingar. Alle helsingane vart samla og leverte tidleg i advent.

Andaktar på sjukeheimen i Vats.
Diakoniutvalet har hatt ansvar for 10 andaktar på sjukeheimen.
Andaktshaldarar har vore: Endre Stople, Børge Løype, Astrid og Tore Nygaard, Randi Dagsland, Kristin Sandvik. Ein eller to frå utvalet har vore med kvar gong.

v/ Elin Frøyland

Diakoniarbeidet i Vats

I Vats har frivillige diakonimedarbeidarar besøkt 28 jubilarar og hatt fine heimebesøk til med utdeling av blomehelsingar frå kyrkja. I tillegg har ein hatt andaktsstunder på Vindafjordtunet ein gong i månaden. Det har vore fine andaktsstunder og samtalar med dei eldre. Takk til alle som har vore med.

v/ Marta Urdal

Kulturutvalet

Kulturutvalet bestod av desse personane ved utgangen av 2025: Kåre Breivik, Gunnar Listog, Ingrid Mathilde Sørvåg, Ingfrid B. Hystad, Malin E. Krakk og Jens Magnar Tveit (Leiar). Utvalet har hatt 5 arbeidsmøter gjennom året.

Som i 2024 satte utvalet seg tidleg mål om å laga ein Kulturkalender for heile året med ulike arrangement, og dette blei gjennomført:

Konsert Tom Roger Aadland og Ketil Stensnes 25. april - Vikebygd kyrkje
Ein veldig flott konsert. 72 personar fekk oppleva eit utval songar frå heile karrieren til Tom Roger. Med seg på scena hadde han gitarist Ketil Stensnes.

Kulturkveld Per Odd Aarrestad 21. mai - Skjold Kyrkje

Per Odd er kunstnaren bak fleire av utsmykkingane i kyrkja slik som altertavla. Dei frammøtte fekk denne kvelden høyra kva tankar som ligg bak dei ulike kunstverka og symbolbruk.

Song- og musikk-kveld Guri og Kjell Ravatn 10. september - Vikebygd bedehus
Song og musikk-kveld over temaet 'Kveldsbøner'.

Konsert Odd Nordstoga 17. september - Skjold Kyrkje
Odd Nordstoga sørga for heilt utseld kyrkje. 400 personar fekk oppleve ein heilt fantastisk konsert der Odd framførte songar frå heile karrieren. Me fekk også høyra historiar frå livet hans og opphavet til nokre av songane.

Temakveld Magnar Kartveit 13. november - Skjold Kyrkje
Magnar som er forfattar hadde eit foredrag der han presenterte boka si 'Gud, pest og plage' - Bibelens vanskelige tekster. Det var også rom for spørsmål og prat.

Konsert Leif Jone Ølberg / Lars Bernhardt Ølberg 8. desember - Vats Kyrkje
Julekonsert med son og far Ølberg som del av konsertturneen 'Sæle Julekveld'. Ølberg var sjølv arrangør, men Kulturuvalet fasiliterte med mediaomtale, annonsering og tilgang i kyrkja.

Julekonsert 21. desember - Skjold Kyrkje
Det vart bestemt å arrangere 2 konserter dette året då det siste åra rett og slett har blitt for fullt i kyrkja. Ein eigen komité gjennomførte arrangementet på vegne av Kulturutvalet. Første konsert var kl 16.00 og andre konsert kl 18.30. Konsertane hadde likt program med unntak av at Skjold Vats og Vikebygd barnekor var med på første konsert og Vindafjord Soul Kids/Children var med på andre. Andre aktørar var: Vegar og Vendel-Agate Skartland-Hide, Marius Fedje og Julekoret med band. Konserten var ein stor suksess med 386 personar på første konsert og 376 på andre konsert. Må og ta med at det til saman var godt over 100 aktørar på scena og 25 frivillige for å gjennomføra dette arrangement.



Julekonsert 21.desember

Økonomi

Arrangementa i 2025 gjekk samla sett med eit overskot på 105 736,- og i tillegg 10 000,- til intern teknisk drift (lydutstyr i Skjold kyrkje). Kulturutvalet har framleis behov for å ha

midlar ståande som garanti for å kunne arrangere konsertar og andre arrangement framover.

Oppsummering

Kulturutvalet opplever å få veldig gode tilbakemeldingar på dei ulike arrangementa som blir halde. Folk set pris på eit variert program og at kyrkjene samlar folk til anna enn berre gudstenester. Med arrangement som Odd Nordstoga og Julekonserten ser me at Skjold kyrkje samlar folk ikkje berre frå soknet, men frå heile Vindafjord og store deler av Haugalandet.

v/ Jens Magnar Tveit

Dugnadskarane

Ved utgangen av 2025 var desse med: Endre Stople, Odd Steinar Kvinnesland, Harald Dagsland, Sigmund Eggebø, Arvid Kringlebotten, Gunnar Listog.

Me starta opp med arbeidet 10. april 2025. Me møttest kvar fjortande dag kl.12 med kaffi og noko å bite i. Så var det arbeidsøkt etterpå.

Arbeid.

Våren 2025 gjennomførde me m.a. fylgjande arbeid:

Knottar under kyrkjestolane. Om lag 125 stolar fekk knottar under beina denne våren.

Luking av bed, uteplass og Finpuss kring kyrkja før 17. mai.

Hausten 2025:

Me starta opp att 1. september. Fylgjande arbeid vart gjort/er me i gang med:

Vidare arbeid med kyrkjestolane.

Klypte hekken langs sykkel og gangstien. Her nytta me tre motorsager, og Endre hadde med skogstraktor slik at alle greinene vart frakta vekk.

Rydding av skog langs vestsida av kyrkjegarden. Dette har vore eit tidkrevjande arbeid.

Målet her er å gjera det finare både langs kanten og ved bårhuset. Liming av lause heller på kyrkjetrappa.

Oppsummering:

Det er svært så meningsfullt å treffast slik me gjer. Me gjer noko nyttig, og me har det triveleg saman. Og så viser det litt att etter kvar økt. Må òg nemne at me er i kontinuerleg kontakt med kyrkjevevja. Frå januar 2026 endrar me dagsrytma litt. Då startar me opp annankvar måndag kl. 10 og arbeider fram til kl.13. Så er det matpause og drøs før me går kvar til vårt.

v/ Gunnar Listog

Oppsummering

2025 har vore eit år med god stabilitet i forhold til prestesituasjonen. Me var heldige som fekk låne Sigfred fram til sommaren, som allereie var godt kjend i sokna våre og me er svært takksame for at me har fått Elisabeth som vår faste sokneprest og soknerådet har allereie fått eit godt samarbeid med henne.

Soknerådet i Skjold, Vats og Vikebygd er svært heldige som har støtte og hjelp i mange frivillige eldsjeler. Det er soknerådet som har ansvar for å styrke og nære kristenlivet i kyrkjelydane våre, men soknerådet vil ikkje klare å oppfylle dette ansvaret heilt åleine. Me er heilt avhengige av heile kyrkjelyden, og me jobbar for at flest mogleg som kan og ynskjer, blir med å bidrar. Har du gode idear for kva soknerådet skal prioritere framover? Ynskjer du å bidra med praktisk arbeid, som å bake kaker til kyrkjekaffi, vere leiar på trusopplæringstiltak, sitte i utval eller anna? Ta kontakt med nokon i soknerådet – me både treng og ynskjer ditt bidrag.

Eg vil sitere Paulus i hans brev til Hebrearane: «Og lat oss ha omtanke for kvarandre, så vi oppgløder kvarandre til kjærleik og gode gjerningar.». La oss i Skjold, Vats og Vikebygd oppgløde kvarandre til kjærleik og gode gjerningar, slik at me kan skape mange gode møtepunkt kor ordet om Jesus kan delast. Me i soknerådet vil takke alle tilsette og frivillige for innsatsen gjennom 2025, og for alt det gode arbeidet som er lagt ned! Så er me svært spente på kva me skal klare å utrette i samarbeid med dykk gjennom 2026.

Iren Eike, februar 2026